



Setesdalsmuseet

Kultur - og kyrkjedepartementet
postmottak@kkd.dep.no

Dykkar ref.:
2006/0936 KU/KU3 KSR

Rysstad 30.1.2007

Høyring: Evaluering av Den kulturelle skolesekken i grunnskulen

Etter tre års røynsler med "Den kulturelle skolesekken" (DKS), ligg det no føre ein omfattande evalueringsrapport. Trass i at sekretariatsfunksjonen ligg hjå ABM-utvikling, er det med undring at ein må slå fast museumssektoren mest ikkje kjem til orde i evalueringsrapporten. Det er berre å konstatere at det slik sett ikkje er mogeleg å gi høyringsuttale på planen med bakgrunn i konkrete problemstillingar i tilknytning til det museale arbeidet Setesdalsmuseet står for.

Dessutan tykkjest det vere eit viktig poeng i rapporten å stadig understreke det sterke "spenningsforholdet" mellom skulesektor og kunst- og kultursektoren. Det delte ansvaret vert presentert som ordningas "akilleshæl". For oss er dette "spenningsforholdet" meir ein konstruksjon enn ein reell konflikt. Det som i somme tilfelle kan vere eit problem for eit museum, er at det frå skulane si side kan vere eit ønskje om å ta imot fleire elevar enn det pedagogisk opplegg maktar å famne på ein gang. Men då er "konflikten" mest eit spørsmål om økonomi, og ikkje det faglege innhaldet.

Det gode samarbeidet som er mellom museum/andre kulturinstitusjonar og skulesektoren må styrkjast og førast vidare. Ein må byggje vidare på det positive som alt er etablert, og vi treng inga ytterlegare fordjuping omkring det som ikkje fungerer. Det legg vi heller bak oss, om så måtte vere.

Setesdalsmuseet meiner dei føringar Stortinget gav for DKS gjennom Stortingsmelding nr. 38 (2002-2003) må stå fast. Det inneber at Den kulturelle skolesekken framleis skal organiserast som:

- eit tilbod til alle elevar i grunnskulen
- eit møte med kunst og kultur med ein høg grad av profesjon/høg kvalitet
- eit tilbod som skal realiserast på tvers av sektorar og forvaltingsnivå
(jfr. høyringsuttale gjeve frå ABM-utvikling)

Ordninga er frå staten si side administrert gjennom ABM-utvikling. Som museum er vi vant med dette, og har etter kvart erfart at det er gunstig å ha dei som koordinator.

Neste forvaltingsledd er fylka. Kvart fylke er sin eigen "DKS-region", og alle har sin vri på organiseringa. Sett utanfrå, kan det sjå ut som om fleire av fylkesadministrasjonane har ei omfattande og tung forvaltning av DKS. Ein stiller seg difor spørsmålet om dette er nødvendig for å oppretthalde den kvaliteten på tilbodet som ein ønskjer, eller om desse heller med fordel kunne slankast.

Setesdalsmuseet er den einaste i sitt slag i Setesdalsregionen (dekker kommunane Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes og Iveland), dvs. ein kulturorganisasjon av eit visst omfang, med tilsette, eige styre osv. Likevel har vi ingen innflytelse på utforminga av og innhaldet i Den kulturelle skulesekken i Aust-Agder. Alt saman er styrt frå Arendal. Vi vert kontakta med tanke på om vi har tilbod som kan passe inn i opplegget, og slik sett har vi hatt eit mindre prosjekt med kvart år.

Dette opplegget vert så presentert i ein eigen foldar som vert distribuert rundt til skulane i Aust-Agder. Vi har full forståing for at det er lite eller inga påmelding frå Arendalsregionen til eit opplegg med å møte smeden i Bykle. Det er trass alt over 20 mil å køyre. Opplegget ville derimot kanskje ha passa godt for elevane ved grunnskulen i Vinje i Telemark, som kan nå Setesdalsmuseet si avdeling i Bykle på under ein klokke. Men dei får ikkje dette tilbodet.

Setesdalsmuseet si meining i høve til administrasjonen av ordninga, er at det bør prøvast ut eit opplegg med desentralisert utvikling av tilbod. Dei pedagogiske opplegga må også kunne tilbydast skular i eit naturleg nedslagsfelt, sjølv om dette nedslagsfeltet eventuelt omfattar delar av eit nabofylke.

Vi vil i den samanheng bruke som døme ei vandreutstilling vi nett har hatt som heiter "I rosens namn". Den er utvikla av Vest-Agder museum og Sørlandets Kunstmuseum (i Vest-Agder). Vi hadde ei svært god erfaring med denne utstillinga, som det er meininga skal inn i DKS frå neste år av i Vest-Agder. Det vil seie at slik ordninga vert praktisert i dag, er det ikkje mogeleg for austegder å nyte godt av det vidare tilbodet.

Erfaringar tilseier også at transportkostnadene er av stor betyding når ein skule skal takke ja eller nei til eit pedagogisk opplegg. Vi sit med ei kjensle av at dei som administrerer ordninga i Aust-Agder kvier seg for å bruke pengar på å sende skuleklassar frå kystnære strøk oppover i dalen. Det kan vere greitt nok, men då bør me få høve til å take imot elevar frå nabofylka våre (innan den same ordninga). For dei vil vegen vere mykje kortare.

Med tanke på at musea i framtida skal utvikle og leggje til rette pedagogiske opplegg for DKS, må noko av dei midlane som no er i systemet brukast til utvikling, t.d. i form av prosjekt som så mangt annerst er no for tida. I dette ligg og at noko av dei midlane frå DKS som no tilflyt fylkesadministrasjonane rundt om, truleg ville ha langt større effekt om ein gjekk inn for ei delvis desentralisert ordning.

Som eit konsolidert museum for dei indre bygder, ville vi og finne det naturleg om Setesdalsmuseet vart inviterte til å delta i dei beslutningsprosessar som ligg til grunn for dei tilbod som til slutt og rest vert sendt til skulane.

Det bør også vurderast om alle tilbod absolutt treng samordnast så fullstendig som ein gjer i dag. Skal eit opplegg kome i betraktning, må tilbodet vere klart til fylket sin

katalog går i trykken. Pedagogiske tilbod som kjem til etter den tid, dett utanfor. Dette verkar for oss å vere unødvendig stivbeint. Ei løysing på dette ville t.d. vere at delar av det årlege budsjettet vart øyremerkt til gode opplegg/prosjekt som måtte verte utvikla i løpet av året.

Med helsing

Anna Stella Karlsdottir
dagleg leiar (sign.)

Leonhard Jansen
konservator (sign.)